

Innstilling til NTNUs ansattpris for språkarbeid 2024

Prorektor for samfunnsansvar og formidling innstiller:

Tormod Aagaard ved Institutt for språk og litteratur

til NTNUs pris for språkarbeid i 2024

Kort om nominasjonen med grunngiving

Nominasjonen er vurdert ut frå kriterium til NTNUs pris for språkarbeid:

- Prisen skal anerkjenna arbeid som har bidrege til å utvikla den språklege kompetansen til studentar og tilsette.
- Den skal bidra til å synleggjera gode døme og tiltak, motivera og skapa betre forståing for språkarbeid, og auka forståinga og interessa for godt språk.
- Prisen kan gå til enkelttilsette, fagmiljø eller grupper som har gjort ein merkbar innsats for godt språk ved NTNU, i tråd med dei språkpolitiske retningslinjene og krava i Språklova.
- Det blir lagt vekt på synlegheit, systematikk, gode resultat og arbeid for kollektivet.
- Prisen kan anerkjenna arbeid av både formell og uformell karakter innanfor ulike språk og målformer.

Innstilling: Tormod Aagaard

Tormod Aagaard er universitetslektor i norsk for utlendingar. Nominasjonen er eit samarbeid mellom Institutt for språk og litteratur og andre fagmiljø ved NTNU som Aagaard har samarbeidd med: Kavli-institutt for nevrovitenskap, Institutt for bygg- og miljøteknikk, Institutt for tverrfaglege kulturstudium og Fakultet for informasjonsvitenskap og elektroteknikk.

Aagaard underviser på NTNUs norskkurs for utanlandske studentar og tilsette, men bakgrunnen for nominasjonen er prosjekt, tiltak og nyvinningar han har initiert utover dei ordinære kurstilboda. Det er særleg kompetansen til tilsette som har stått i sentrum for dette arbeidet. Nominasjonen inneheld dokumentasjon på Aagaards innsats, gjennom skildringar av og døme på prosjekt og tiltak han har initiert eller gjennomført.

Juryen fekk til saman fire nominasjonar til prisen.

Begrunnelse

NTNUs språkpolitiske retningslinjer og Språklova stiller begge krav til norskkompetansen til tilsette på universitetet.

Tormod Aagaard har i fleire år jobba systematisk for språkleg inkludering av utanlandske tilsette. Han har mellom anna jobba med å spreia kunnskap om korleis ein kan støtta språklæringsprosessane til kollegaer som er i ferd med å læra norsk.

Han samarbeider med andre eldsjeler ved NTNU, og saman har dei drive med formidling og utviklingsarbeid i mange former, frå kartlegging av språkpraksisar til kursing av tilsette som vil læra meir om språklæring og kulturforståing for å kunna bli ein ressurs for utanlandske tilsette i arbeidsmiljøet sitt. Aagaard og samarbeidspartnarar har også utvikla nye, meir fleksible kurstilbod for utanlandske tilsette der arbeidsmiljøet på eininga blir ein medspelar.

Aagaard er alltid på jakt etter nye måtar å bidra til at norskopplæring blir mest mogleg tilgjengeleg for tilsette. Norskopplæringa skal opplevast som relevant, bli utvikla i

samarbeid med målgruppa og lokal leiing, ta i bruk formålstenleg teknologi, gå føre seg i uformelle samanhengar så vel som i undervisningsrommet, og vere ei felles forplikting mellom den som held på å læra seg norsk, underviser, kollegaer og leiar.

Juryen trekkjer fram at dei som står bak nominasjonen, representerer ulike delar av NTNU. Nominasjonen viser systematisk arbeid som juryen meiner går utover det som er forventa av stillinga til Aagaard.

Juryen

NTNUs språkpolitiske utval har vore jury for språkprisen. Utvalet består av:

- Andrew Weir, førsteamanuensis, Institutt for språk og litteratur
 - Bente Philippsen, førsteamanuensis, Nasjonallaboratoriene for datering
 - Bjørn Kvaal, kommunikasjonsrådgivar, Institutt for helsevitskap, Gjøvik
 - Gabriela Kazimiera Warden, ph.d.-kandidat, Institutt for materialteknologi
 - Kjersti Faldet Listhaug, leiar av utvalet, prodekan for utdanning, Det humanistiske fakultetet
 - Leiv Inge Aa, professor, Institutt for lærarutdanning
 - Johan Berg Pettersen, førsteamanuensis, Institutt for energi- og prosessteknikk
 - Odd Arne Fosse, student
-